



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 13/2017

Møtedato: 26.6.17

Møtestad: Vaset

Saksbehandlar: Harald Ranum

## Filefjell reinlag, fornying av avtale

Fjellstyret godkjente avtale med Filefjell reinlag (FRL) sist i sak 34/15. Reinlaget ville i 2015 ikkje ha ei avtale som gjekk lengre enn til 1.5.17. Fjellstyreleiar og dagleg leiar har forhandla med reinlaget om ny avtale. Det er i all hovudsak same avtale som tidlegare, men med nokre omformuleringar av tekst.

§ 17 i fjellova regulerer reindrift i statsallmenning: *Utanom dei reinbeiteområde som er eller vert fastsette i medhald av lov kan tamreindrift i statsallmenning berre føregå etter særskilt løyve frå fjellstyret. Slikt løyve kan gjevast for inntil 10 år om gongen, men berre så langt fram tamreindrift ikkje vil medføre vesentleg skade eller ulempe for bruksrettshavarane og heller ikkje andre omsyn gjer det utilrådeleg.*

*Fjellstyrevedtak etter paragrafen her må stadfestast av departementet for å være gyldig. Departementet kan vise spørsmålet om tamreindrift vil medføre vesentleg skade eller ulempe for bruksrettshavarane til avgjerd ved skjøn.*

Avtalen skal godkjennast av LMD jf. §17 i fjellova og når begge partar har signert vil avtalen bli sendt LMD for godkjenning. FRL har så langt ikkje returnert signert avtale. Saksbehandling i LMD kan ta lang tid. Det er derfor viktig å sendt avtalen så snart som råd, slik at ein har ei avtale å styre etter. Ved forhandlingar i 2015 gjekk det lang tid før vi fekk tilbakemelding frå FRL. Fyrst etter det vart sett frist å akseptere avtalen, fekk vi beskjed om at avtalen vart akseptert. Det tok vidare ca. to månader før vi fekk signert avtale. Fjellstyret bør derfor stille krav om at avtale skal vera signert innan ein fastsett frist.

## Framlegg til vedtak:

På vilkår av at Filefjell reinlag leverer signert avtale innan 3. juli, godkjenner fjellstyret avtalen som er forhandla fram.

## Vedtak:

På vilkår av at Filefjell reinlag leverer signert avtale innan 3. juli, godkjenner fjellstyret avtalen som er forhandla fram.

Einstemmig vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 26.6.17

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Filefjell reinlag ANS  
Fylkesmann i Sør-Trøndelag, reindriftsforvaltninga